

## Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket.

### Utgreiing:

Skjelanger er første gong nemnt i skriftlege kjelder omlag år 1350.

I eit "Beskyttelsesbrev" for kyrkja på Herdla, sendt til paven i Roma, står det at presten på Herdla årleg skal ha sju laupar smør frå garden Skjelanger. Ein laup var omlag 15 kilo.

Omsøkt tiltak ligg i utmarka tilhøyrande bnr. 12/16 på Skjelanger. I kommuneplanen er dette LNF område.

Området er kystlynghei med myr, og haugar med berg i dagen. Naturtype kystlynghei og lokaliteten er vurdert til lokalt viktig (B-verdi) i "Naturbase".

Arealet som hadde mest storvaksen brakje, vart for ein del år sidan brent, og sidan rydda for daud brakje. Her har i mange år vore beita med sau, og heilårsbeita med villsau.

Det vart også beita med Angusfe i ei årrekke fram til 2011.

Det har synt seg vanskeleg å få stort nok beitetrykk på eigen utmark når dyra har høve til å gå på heile den inngjerda utmarka på Skjelanger. Det er difor ynskjeleg å setja opp eit permanent solid gjerde som ikkje hjorten lett kan øydeleggja, langs austsida av eigen teig i grensa mot bnr. 13. I tillegg eit tverrgjerde langs nordsida av den gamle torvvegen frå grensa i aust, og vestover til det møter gjerdet mot Skjelanger fort.

Dette vil dela teigen i to, slik at det vert råd å beita vekselvis sør og nordteigen.

Det er planlagt tre doble grinder ved torvvegen, og ei enkel ganggrind i sør.

Då det er mykje berg i dagen i gjerdelina, vil eg anslå at det må jernstolpar på omlag ein tredel av strekninga.

23.08.2018 fekk eg etter ein SMIL-søknad løyvt kr. 32 000,- til permanent elektrisk gjerde på same strekninga. Når det no har kome på marknaden eit mykje betre

alternativ har eg ikkje sett i gang tiltaket, men vel heller å søkja om tilskot til HT-gjerde som er noko dyrare,men er eit mykje betre gjerde som også er meir varig. Dersom søknaden om HT-gjerde vert innvilga fell løyvinga til permanent elektrisk gjerde bort.

Skjelanger 31.05.2020

---